



VESTFOLD, TELEMARK OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 24/00822-1
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Kontrollutvalet sin møte- og arbeidsplan 2025

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Vinje kontrollutval	04.12.2024	30/24

Vinje kontrollutval har behandlet saken i møte 04.12.2024 sak 30/24

Møtehandsaming

Utvalgssekretær la fram forslag til møte- og arbeidsplan for 2025.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2025 vert godkjend.

Planen og møtedatoane er leiande og kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og halde dei møte utvalet ynskjer.

Møtedatoar 2025, Onsdagar klokka 12:00:

- 5. mars
- 21. mai
- 1. oktober
- 3. desember

Kontrollutvalet sin møte- og arbeidsplan 2025

Innstilling frå sekretariatet

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2025 vert godkjend.

Planen og møtedatoane er leiande og kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og halde dei møte utvalet ynskjer.

Møtedatoar 2025, Onsdagar klokka 12:00:

- 5. mars
- 21. mai
- 1. oktober
- 3. desember

Saksopplysningar

Sekretariatet legg med dette fram sak om møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet. Saka skal vidare bli lagt fram som orienteringssak i kommunestyret. Møte- og arbeidsplanen er ikkje å forstå som ein fullstendig presentasjon av alle dei oppgåver/saker som kontrollutvalet vil handsame gjennom året, men legg vekt på dei oppgåver som utvalet etter lova er pålagt å handsame.

Kontrollutvalet i Vinje kommune har fire møter i året, fordelt på to møter på våren og to møter på hausten. Lengda på møta vert avgjort av talet saker og typen saker som skal opp i møtet.

Sekretariatet legg fram følgjande forslag til møtetidspunkt og forslag til agenda for 2025:

Onsdag 5. mars 2025 kl. 12:00

- Årsmelding 2024 for Vinje kontrollutval
- Vurdering av forvaltningsrevisors sjølvstende
- Orientering frå revisor
- Referatsaker
- Innspel til kontrollarbeid

Onsdag 21. mai 2025 kl. 12:00

- Revisor sin rapport om rekneskapsåret 2024
- Årsregnskap for 2024 for Vinje kommune – kontrollutvalet si uttale
- Referatsaker
- Innspel til kontrollarbeid

Onsdag 1. oktober 2025 kl. 12:00

- Budsjett for kontroll og tilsyn 2026
- Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2024
- Overordna revisjonsstrategi for regnskapsrevisjon for 2025
- Vurdering av revisors sjølvstende
- Referatsaker
- Innspel til kontrollarbeid

Onsdag 3. desember 2025 kl. 12:00

- Møte- og arbeidsplan for 2026
- Orientering om budsjettet for Vinje kommune 2026
- Orientering frå revisor
- Referatsaker
- Innspel til kontrollarbeid

Planen er rettleiande, og kontrollutvalet står fritt til å ta opp saker og halde dei møter ein ynskjer.

Forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og prosjektplanar blir lagt fram og handsama fortløpande.

Sekretariatet vil informere medlemmene om kurs og konferansar som kan vere aktuelle.

Sekretariatets vurdering

Det er for 2025 lagt opp til 4 ordinære kontrollutvalsmøter, med møtetidspunkt på onsdagar frå kl. 12:00. Kontrollutvalet står fritt til å velje eit anna møtetidspunkt dersom utvalet ønskjer det.

Det blir teke atterhald om at det kan bli behov for å endre møtedatoane, spesielt dersom det er nødvendig med tanke på vidare handsaming av saker i formannskapet og kommunestyret.

Sekretariatet sitt forslag til saker er i hovudsak basert på dei lovpålagte oppgåvene, og saker som alt er bestemte, til dømes forvaltningsrevisjonar osv. Kontrollutvalet blir bedt om å kome med innspel til tema dei ynskjer å ha opp på arbeidsplanen for 2025, eksempelvis orienteringar frå administrasjonen.